

SAMMEN  
OM



# Miljøløftet

## NOTAT

Til: Prioriteringsrådet  
Frå: Statens vegvesen / TOS  
Kopi: [Fyll inn]

## Vedlegg nr. 4

Saksbehandlar/telefon:  
Kristian Bauge / 55 51 63 37  
Vår dato: 20.11.2023

## Sak 105/23 Sykkelstamveg delstrekning Nesttun-Skjold

### Bakgrunn

Statens vegvesen presenterte i sak [66/23](#) auka kostnader for dei statlege prosjekta på sykkelstamvegen i Statens vegvesens portefølje i Miljøløftet for styringsgruppa. Bakgrunnen for den rapporterte kostnadsauken er at det vinteren og våren 2022/2023 vart gjennomført kostnadsoverslag etter anslagsmetoden for prosjekta. For nokre av prosjekta var det første gong anslag vart gjennomført. I saka bad Statens vegvesen Miljøløftet si styringsgruppe ta stilling til korleis ein skal handtere at prosjektet E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold, som nærmar seg klart for utlysing, har fått nytt kostnadsoverslag som er høgare enn tidlegare oppgitt projektkostnad i handlingsprogrammet.


I sak 66/23 var det nytta den foreløpige indeksen for framskriving av kostnader til 2023-kr på 2,2 pst. I denne saka vert den justerte framskrivingsindeksen for 2023 på 5,5 pst. nytta. Endeleg indeks for 2023 vert først kjent i starten av 2024.

I denne saka vert det vist til at Statens vegvesen vurderer måloppnåinga og den samfunnsøkonomiske nytten av prosjektet er høg, og difor meiner at prosjektet bør gjennomførast.

### Status for prosjektet

Delstrekning 2 Nesttun-Skjold er prioritert i Miljøløftets handlingsprogram 2024-2027 med løyvingar i perioden til og med 2026. Samla finansiering i handlingsprogrammet er 252,5 mill. 2024-kr. Tala i handlingsprogrammet er framskriven med foreløpige indeksar for 2023 og 2024. Talet svarar til 256 mill. 2023-kr.

Kostnadsanslaget presentert i sak 66/23 viser ein venta kostnad på 382 mill. 2023-kr når ein nytter den justerte indeksen på 5,5 pst.



Figur 1: Delstrekning 2 Nesttun-Skjold

I sak 66/23 skisserte Statens vegvesen tre forslag til tiltak for å kunne gjennomføre prosjektet innanfor oppgitt prosjektkostnad i handlingsprogrammet:

1. Ta strekket i Nesttunbrekka ut av prosjektet
2. Halde fram arbeidet med å kutte så mykje som mogleg i prosjektet utan at det går ut over trafikktryggleik og måloppnåing.
3. Dele prosjektet i to delstrekningar ved Fana blikk, og med det ha moglegheit til å bygge berre ein av strekningane innanfor ramma i handlingsprogrammet.

Styringsgruppa viste til at det var uheldig at saka kom opp så kort tid etter at bystyret handsama handlingsprogrammet, og Statens vegvesen vart beden om å gå i dialog med Bergen kommune og kome tilbake med eit nytt forslag.

Statens vegvesen har vore i dialog med Bergen kommunen om moglege alternativ for handteringa av kostnadsauke på Nesttun-Skjold, og har avtala vidare samtalar utover hausten om handteringa av sykkelstamvegen som heilheit.

Prosjektet har allereie tatt ut Nesttunbrekka (nr. 1) av prosjektet og held fram med arbeidet for å redusere uvisse og kostnader (nr. 2) vist til i lista over.

### Vurdering av måloppnåing

Statens vegvesen har ikkje grunn til å endre syn på prosjektet sin måloppnåing etter saka som vart lagt fram for styringsgruppa før sommaren 2023. I sak 66/23 vart det trekt fram at:

*«Prosjektet vil binde saman dei to bydelsenterområda, og gje eit vesentleg løft for gåande og syklende. Gjennom separering av gåande og syklende vert trafikktryggleiken betra, og tilrettelegging av kryssområda på sidevegane og fjerning av ein kryssing av Fanavegen gjev vesentleg betre framkome, spesielt for syklende.*

*Gang- og sykkelnettet i området er tilkomst til både Midtun og Skjold barneskolar. Gjennom tiltaket med separering av gåande og syklende vil trafikktryggleiken for gåande skulebarn vesentleg betrast.*

*Strekninga frå Lagunen til Nesttun går langs bybanetraseen gjennom fleire fortettingssonar tilrettelagt for stor auke i busetnad og befolkningsauke. Tilbodet til mjuke trafikantar i dag er utan separering og delvis på den gamle traseen for Osbanen. Dersom området skal kunne vere i stand til å ta imot den venta veksten i folketal, må infrastruktur for berekraftig og aktiv*

mobilitet vere til stades. Strekinga er ein del av offentleg utbyggingsfase 1 i Bergen kommunes sykkelstrategi.

Statens vegvesen vurderer at prosjektets måloppnåing er svært god. I dagens situasjon er det i særstilling området mellom Fana Blikk og Nesttunbrekka som har behov for utbetring, der det er fleire tilkomst til bustader, køyring på gang- og sykkelvegen og tilkomst til eit bilverkstad og ein barnehage på gang- og sykkelvegen.»

### Vurdering av samfunnsøkonomi

I 2020 nytta Statens vegvesen Transportøkonomisk institutt sitt verktøy *EkspressEffekt* for vurdering av samfunnsøkonomisk nytte for sykkelprosjekt på delstrekningane på sykkelstamvegen. I analysen vart kostnadstala frå prosjektporteføljen for 2020 nytta. Resultata vert presentert som *nettonytte pr budsjettkrone* (NNB). Nesttun-Skjold hadde NNB på 1,35 og var då rangert som nr. 2 etter delstrekning 5 Kristianborg-Bergen sentrum, som opna for trafikk 15. april 2023. I tabell 1 er den opphavelige rangeringa av sykkelstamvegprosjekta på strekinga frå Skeie til Bergen sentrum vist.

Tabell 1: Samfunnsøkonomisk rangering av prosjekt på Sykkelstamveg Bergen delstrekning 1-5 med kostnader frå 2020

Strekning	Nettonytte pr budsjettkrone (2020)
Delstrekning 5, Kristianborg - Sentrum	3,54
Delstrekning 2, Nesttun - Skjold	1,35
Delstrekning 3, Nesttun - Fjøsanger	0,89
Delstrekning 1, Skeie - Rådal	0,11
Delstrekning 4, Fjøsanger-Kristianborg	- 0,26

For å sjå effektane av endra kostnader på sykkelstamvegen er den same analysen oppdatert med dei nye kostnadane vist i sak 66/23 tilbakeskriven til 2020-kr. Det kan vere endringar i prosjekta eller andre faktorar som påverkar resultata. Dette er ikkje tatt omsyn til i analysen.

Tabell 2: Samfunnsøkonomisk rangering av prosjekt på Sykkelstamveg Bergen delstrekning 1-5 med kostnader frå 2023

Strekning	Nettonytte pr budsjettkrone (2020)	Nettonytte pr budsjettkrone (2023)
Delstrekning 5, Kristianborg - Sentrum	3,54	3,02
Delstrekning 2, Nesttun - Skjold	1,35	0,78
Delstrekning 3, Nesttun - Fjøsanger	0,89	1,28
Delstrekning 1, Skeie - Rådal	0,11	- 0,28
Delstrekning 4, Fjøsanger-Kristianborg	- 0,26	0,47

Den oppdaterte samfunnsøkonomiske analysen viser at Nesttun-Skjold framleis er eit samfunnsøkonomisk lønnsamt prosjekt med NNB på 0,78. På grunn av den relative forskjellen i prisendringane i prosjekta er delstrekning 3 Nesttun-Fjøsanger no vurdert som nr 2, medan delstrekning 2 Nesttun-Skjold vert vurdert som nr 3 av prosjekta på sykkelstamvegen sør for Bergen.

Den samfunnsøkonomiske vurderinga av prosjekta viser at Nesttun-Skjold har positiv netto nytte per budsjettkrone og at prosjektet framleis rangerer høgt av sykkelstamvegprosjekta. Dette talar for at prosjektet bør prioriterast for bygging.

### **Eksterne påverknader**

I saksgrunnlaget til sak 66/23 er det nemnd at det skjer planleggingsaktivitet i nærområdet til sykkelstamvegprosjektet som kan påverke kva for krav etablering av sykkelstamvegen vil ha til omkringliggjande terreng og eigedomar. I tillegg til den komande utbygginga ved Fana Blikk, gjeld dette to utbyggingsprosjekt mellom Tors veg og Odins veg, som begge kryssar sykkelstamvegen mellom Fana Blikk og Nesttun. Venta planavklaringar for dei tilgrensande utbyggingsprosjekta tilseier at det vil vere fornuftig å lyse ut prosjektet med opsjon på strekninga Fana Blikk-Nesttun.

### ***Konsekvensar for porteføljen***

Statens vegvesen vurderer at prosjektet Nesttun-Skjold vil bidra til å binde saman dei to bydelssentera ved Lagunen og Nesttun. Gjennom tilrettelegging for aktiv og berekraftig mobilitet er det venta at prosjektet vil tiltrekke nye syklistar på strekninga, og gje syklistane som ferdast der i dag vesentleg betre framkomme og innspara reisetid. Statens vegvesen meiner at prosjektet si måloppnåing er så god at det er riktig prioritering å omfordele midlar frå andre ikkje-starta prosjekt på post 30 til Nesttun-Skjold, og at prosjektet lysast ut i tråd med planen til Statens vegvesen ved årsskiftet 2023/2024.

Kostnadsauken for Nesttun-Skjold og dei øvrige prosjekta i Statens vegvesen sin portefølje vert handtert gjennom aktiv porteføljestyring ved prosjektprioriteringa inn mot rulleringa av handlingsprogrammet for 2025-2028.

### ***Forslag til vedtak***

Styringsgruppa slutter seg til at prosjektet E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2 Nesttun-Skjold vert lyst ut med delstrekninga Lagunen-Fana Blikk som eit første byggetrinn, og at strekninga Fana Blikk-Nesttunbrekka vert lagt inn som opsjon i utlysinga. Prosjektet vert tilført tilstrekkelege midlar til at opsjon kan løysast ut. Samla kostnad for prosjektet er venta å verte 382 mill. 2023-kr.